

Studieplan for verkty-kurs På Hjerleid, Dovre 15.- 26.november 2010.

KURS FOR TØMRARAR

Kurset arrangerast i samarbeid med Husasnotra
avdeling av Stiftelsen Geitbåtmuseet, Valsøybotn.

BRUK OG STELL AV VERKTY 15.- 26. NOVEMBER 2010

Siktemålet med kurset:

Å gi tømrarar innføring i og trening med vurdere, skjefte, kvesse og bruke basisverkty. Dette kurset vil leggje mest vekt på øks og sag. Kurset er å sjå på eit første i ein serie. Det vil bli ei oppfølging med fleire kurs der vi dels tek for oss fleire slags verkty og dels fordjupar oss meir i tema vi har hatt framme tidlegare.

Innhaldet i kurset omfattar:

1. Øksa: Vi trenar på bruk og vi skjefter. Under dette tek vi for oss:
 - a. Grunnprinsipp for virkemåten.
 - b. Ulike økser til ulik bruk.
 - c. Ulike økser til ulike tider.
 - d. Ulike økser frå ulike stader.
 - e. Modifikasjonar av dei einskilde i høve behov ved:
 - i. Skjefting
 - ii. Sliping
 - iii. arbeidsteknikk
2. Saga. Vi trenar på bruk. Under dette tek vi for oss:
 - a. Grunnprinsipp for virkemåten.
 - b. Ulike sager til ulik bruk.
 - c. Ulike sager til ulike tider.
 - d. Ulike sager frå ulike stader.
 - e. Modifikasjonar av dei einskilde i høve behov ved:
 - i. Tannstilling.
 - ii. Skarpfiling
 - iii. Arbeidsteknikk
3. Pjålen(skjøva): Vi trenar på bruk og vurderer skjefting og sliping.
4. Høvelen: Vi trenar på bruk og vurderer sliping, stilling, klaffing kvalitet på stål.

Jon Bojer Godal
Geitbåtmuseet

Steinar Moldal
Dovre Handverksenter as